

PEDAGOGISK PLATTFORM

Synet på barn og barndom har endra seg mykje gjennom mennesket si historie. Kva treng eit barn? Kva skal vi forvente av eit barn? Korleis skal omsorgspersonane rundt eit barn vere? Er arv avgjerande, eller er miljø det viktigaste? Kva vil vi med barndommen – er det berre eit stadie på veg til vaksenlivet, eller har barndommen eigenverdi?

Vi i Sunde barnehage er ein del av ein stolt barnehagetradisjon som går tilbake til starten av 1800-talet då Frøbel starta den første barnehagen og den første barnehagelærarutdanninga i Tyskland. Ideane til Frøbel var å ta utgangspunkt i barna sin eigenaktivitet og ha mykje fokus på lek – ganske revolusjonerande på dei tider, og også ein del av dagens debattar om barnehage og skule. Kjelde:

https://snl.no/Friedrich_Wilhelm_August_Fröbel

Etter det har det kome mange tradisjonar, filosofiar, erfaringar og tankar som har forma vårt syn på barn, barnehage og barndom – og fleire vil kome. Forsking på dette feltet vert det meir og meir av, og vi i Sunde barnehage jobbar for å halde oss oppdaterte og kritisk velje ut tankar og idear som vi meiner skaper det beste tilbodet for barna i vår barnehage.

HOVEDTANKAR

ARV OG MILJØ

Nyare hjerneforskning fortel oss at vi vert fødd med eit sett med genar og arvestoff som gir oss nokre føresetnader. Vidare fortel forskinga at hjernen er under stor påverknad frå det som møter oss – særleg i barnehagealder. Prosessen der arkitekturen i hjerna vert skapt, der synapser vert danna mellom nerveceller, går i stor fart frå enkle til meir kompliserte hjernekreisar i barnehagealder. Til fleire gangar vi gjer ei handling eller vi høyrer ord og lyder, til sterkare vert synapsane. Manglar vi erfaringar fell potensielle synapsar vekk i ein naturleg prosess. Dette fortel oss at alt det barn høyrer, ser, opplever og erfarer er viktig. Dei lærer og bygger hjernen sin ut frå dette. Det dei ikkje får erfaring med lærer dei sjølvstøtt ikkje.

Dette fortel oss i Sunde barnehage at det er viktig kva vi legg til rette for i kvardagen til barna. Innhaldet i barnehagedagen er med på å forme barna som går her. Dette gjeld dei formelle læringssituasjonane som teamarbeid, samlingar, turar, ulike pedagogiske tilbod og program. Men det gjeld ikkje minst også i dei uformelle læringssituasjonane; eit blikk, ein kommentar, ein klem, ei avvising, hjelp i stellsituasjonar, møte om morgonen, lek og mange fleire.

Det å få eit breitt spekter av erfaringar, få fleire aktive og sterke synapsar, kan gje eit godt fundament for all læring og god helse. Ein av dei viktigaste måtane i tidleg småbarnsalder å forme arkitekturen i hjernen på er «turtakingskommunikasjon». Barnet kjem med eit utspel – den vaksne kjem med ein respons – min tur – din tur. Dette er grunnleggande for leidningsnett i hjernen. Dette fortel oss i Sunde barnehage at det møtet vi har med barna ansikt til ansikt med babling, ord og spegling av ansiktsuttrykk er uvurderlig.


Kjelde: <https://developingchild.harvard.edu/resources/three-core-concepts-in-early-development/>

Ein av dei største farane for å ikkje utvikle ei lærande, sterk og fleksibel hjerne er skadelig stress. Om barn ikkje får god nok omsorg, opplever trøst, eller vert utsatt for ulike overgrep, vil barnet ikkje få tilgang til dei delane av hjernen som gir læring og utvikling. Då vil impulsen «stoppe» i det limbiske systemet, og barnet vil i stor grad vere opptatt av å handtere stresset. Dermed får ikkje hjerne bygd ut arkitekturen sin heller, og utviklinga stagnerer, stopper eller går tilbake. Det er altså ekstremt viktig at barnet har trygge, omsorgsfulle og forutsigbare kvardagar, slik kan dei også utvikle seg og lære.

Dan Siegel har utarbeidd ein handmodell som fortel oss litt om grunnstrukturen til hjerna vår. Den kan gje oss peikepinnar på korleis vi skal handtere ulike situasjonar vi vert satt i, og som vi set oss sjølv i. Er vi, som vaksne, nokolunde avbalanserte kan vi handtere ulike situasjonar med prefrontal cortex – og vere rasjonelle og gje ein hensiktsmessig respons. Barn i barnehagealder har ikkje ferdigutvikla cortex, «tenkehjernen», og handterer mykje at situasjonen dei opplever med det limbiske system, altså «føleleshjernen». Barnet treng då hjelp av ein trygg omsorgsperson for å sortere og regulere responsen, forståinga og følelsen sin på ulike situasjonar. Kjelde: <https://www.youtube.com/watch?v=FTzSCOTFqjo>

TRYGGLEIK, TILKNYTNING OG OMSORG

Over har vi slått fast at det er viktig at barnet har trygge kvardagar, der dei møter omsorgsfulle vaksne. Dette er viktig for utviklinga av hjernen til alle barn og menneske. Så korleis skaper vi desse rammene i Sunde barnehage? I Sunde barnehage har vi valt å arbeide etter Circle of Security (COS), Tryggleikssirkelen på norsk.



Tryggleikssirkelen illustrerer godt forholdet mellom det å vere ei trygg havn, ein omsorgsfull vaksen som tek i mot barnet, beskyttar, trøster og er god. Likevel er det vel så viktig å støtte opp under den utforskinga og nysgjerrigheten barnet har, for at det skal lære med lyst og utvikle seg på ein positiv måte. Organisering av følelsar er også sentralt her, dette treng barna som sagt i og med «tenkehjernen» deira ikkje er ferdig utvikla. Det er viktig at vi i Sunde barnehage set ord på og anerkjenner følelsane, og hjelper barna ved hjelp av trøst, spegling og refleksjon rundt følelsane og situasjonen. Og i desse situasjonane er det spesielt viktig å vere større, sterkare, klokare og god.

Kilde: <http://www.tilknyningspsykologene.no/video-cos-animasjoner/>


Kilde: Bok: <https://www.gyldendal.no/Faglitteratur/Psykologi/Generell-psykologi/Trygghetssirkelen>

For å komme i posisjon til å vere ein trygg omsorgsperson i eit barns liv, må vi bygge opp relasjonen til barnet. Ved å tenke at vi skal knytte oss til barnet, og at barnet skal knytte seg til oss, gjer det lettare å forstå. Tilknytningsteoriar, som tryggleikssirkelen er ein del av, gir oss nokre viktige refleksjonar rundt dette. Det å kunne knytte seg til eit anna menneske, å ha tillit til at omsorgspersonen er der uansett gir grobottn for utforsking og sjølvstende. Dette gir også muligheit for livslange relasjonar, og det lærer barna å kunne stole på andre. Karl Menninger sa: «Det ein gjer mot et barn, vil dei gjere mot samfunnet».

Kilde: <https://www.psykologforeningen.no/publikum/videoer/videoer-om-livsutfordringer/hva-er-tilknytning2>

VAKSENROLLA

I Sunde barnehage vel vi å ha ei Autoritativ vaksenrolle. Dette gjer vi på bakgrunn av at vi trur at barna treng vaksne som er god på å skape varme relasjonar til barna, men også at barn treng forutsigbarhet og at vaksne omsorgspersonar har kontroll over dagen og situasjonane. Gjennom å bli satt krav til, kjenner barn seg betydningsfulle og viktige i eigen kvardag – akkurat slik som oss vaksne. Men krava må sjølvsgt passe til det barna kan innfri, slik at dei opplever meistring og ser på seg sjølv som positive bidagsytarar. Dette veit vi når vi lærer barna å kjenne. Kjenner vi barna, både på individnivå og på gruppenivå, kan barna tåle at vi set høge krav til dei. Og barna får såleis moglegheit til å utforske og lære meir.



Kilde: <https://utdanningsforskning.no/artikler/ulike-perspektiver-pa-relasjonsbygging/>

PROGRESJON

Det er både mange likheiter, men også store skilnader i kva dei ulike barna opplever i Sunde barnehage. Kor gammalt barnet er, er sjølvsgt ein viktig faktor for kva barnet møter for tilbod i barnehagen. Det er stor skilnad i kva vi samtalar med eit barn om i førskulealder, og kva vi samtalar med ein eittåring om. Dei får ulik tilgang til litteratur, leiker, turmuligheter, formingsoppgåver m.m. Men dei skal ha like varme og omsorgsfulle vaksne, som tek dei på alvor. Ved å skape gode relasjonar, blir vi kjent med enkeltbarnet og gruppa. Slik kan vi lage eit

tilbod som passer ut i frå det. Slik får også barna medverke i eigen kvardag og ha påverknad på tilbodet i barnehagen.

<p style="text-align: center;">Vurdering</p> <p style="text-align: center;">Å kunne bedømme noe ut fra forskjellige kriterier.</p>
<p style="text-align: center;">Syntese</p> <p style="text-align: center;">Å kunne trekke egne slutninger, utlede abstrakterelasjoner.</p>
<p style="text-align: center;">Analyse</p> <p style="text-align: center;">Å kunne se sammenhenger.</p>
<p style="text-align: center;">Anvendelse</p> <p style="text-align: center;">Å kunne bruke kunnskap og forståelse i konkrete situasjoner.</p>
<p style="text-align: center;">Forståelse</p> <p style="text-align: center;">Å kunne sammenfatte og gjengi kunnskap med egne ord.</p>
<p style="text-align: center;">Kunnskap</p> <p style="text-align: center;">Å kunne gjengi innlært stoff.</p>

Vi veit likevel noko om kva som er alderstypisk for barna, og legg det til grunn når vi planlegg tilbodet. Vi veit også noko om korleis vi lærer. I følgje Blooms taksonomi lærer vi på ulike nivå. Vi går frå fakta, gjennom forståing, anvendelse, analyse, syntese og tilslutt kan vi vurdere det vi ha lært.

EKSEMPEL: TALLREKKA TIL 10

Kunnskap: å kunne telle til 10

Forstå: forstå at kvart tall har ein verdi

Anvende: kunne ta fram 7 koppar til frukost når vi treng det

Analyse: kunne telle at vi treng 7 koppar, og ta fram 7 koppar, og ta vekk ein om vi plutselig blir ein mindre.

Syntese: vi blir jo ca. 7 til frukost kvar dag, da kan vi jo sette fram 7 koppar kvar dag?

Vurdering: Talrekka til ti er bra, men det løyser jo ikkje alle matematiske spørsmål. Tenk om vi blir over 10 til

frukost. Dette held ikkje for meg, eg må lære meir.

Slik beveger vi oss i mange felt og tema, frå dei enklaste til dei mest kompliserte. Av og til blir vi verande på nivå 1 og 2 lenge før vi kjem oss evt vidare. For oss i Sunde barnehage forstår vi det slik at vi kan presentere same tema for alle barna, men at ved å kommunisere ulikt og forvente ulikt så tileignar barna seg tema og kunnskap ulikt. Dermed vil barna oppleve progresjon innafor same tema.

Det er likevel slik at barna på Førskulegruppa, Solhøla og Leppeheimen møter ulike tema og kvardagar tilpassa alder og andre føresetnader. Vi vaksne vil vere "støttande stillas" (Bruner), dvs. at vi hjelper barnet for å komme til nærmaste sone for utvikling (Vygotski), gjennom å støtte der dei har behov, og når barnet er i stand til å greier noko åleine, bygger vi stillaset ned på ein trygg måte.

MEDVERKNAD

Å medverke i eigen kvardag skaper meining og engasjement. Eigarskap til det som skjer både ansvarleggjer og gir energi til aktivitetar og innhald. Medverknad kan vere så mangt, og korleis ein kommuniserer meiningane sine er også ulikt. Eit barn på 1 år, korleis kan det få medverke i eigen kvardag? Jo, det gir for eksempel beskjed når det er trøtt, ved å gråte, legge seg ned, bli stille etc. Då er det viktig at vi kjenner barnet nok til ta signala og forstå den nonverbale kommunikasjonen godt nok, slik at vi forstår det barnet seier. Så må vi også kunne agere hensiktsmessig på denne kommunikasjonen – altså legge barnet i vogna slik det får sove.

Eldre barn kan gje uttrykk for meiningar og kva dei ynskjer i barnehagen. Då er det viktig at vi lyttar, og forsøker å imøtekomme barnet. Personalet anerkjenner barnet sitt ønske og behov, men er sjølvsgatt ansvarlege omsorgspersonar og må ta avgjerda om korleis støtte opp om innspelet. Personalet observerer også kva barna er opptatt av i leik og samtale og bruker det som inspirasjon når vi planlegg tilbodet. Personalet kan også legge opp til val av ulike aktivitetar.

Det er viktig at alle barn får lik moglegheit til å medverke. Nokre er tydlege og seier klart i frå, andre er meir stille. Då er det ekstra viktig at vi aktivt undersøker kva dei stille barna har for behov og ynskjer.

Det er også viktig at foreldre får medverke i barnehagen. Dette skjer gjennom blant anna brukerundersøkingar, foreldremøter og samarbeidutvalsmøter, men også vel så mykje gjennom dagleg samtale og informasjonsutveksling. Vi i Sunde barnehage synest alltid det er viktig å lytte til foreldre.

At barn får medverke – betyr ikkje at barna skal bestemme alt som skjer i barnehagen. Ofte ser vi at dei vala personalet tek for å skape tryggleik og forutsigbarhet, er det barna liker og trivast med – og då er det også medverknad.

LEIK

Medverknad handlar også om å gje barna gode muligheiter for leik. Dette gjeld å gje tid til leik, og å lage gode leikemiljø. Leik er barna sin hovudaktivitet, og ofte det dei ønsker å gjere mest av. Vi i Sunde barnehage gleder oss over leiken. Vi veit at barn leiker på ulike måtar bla.; funksjonslek, parallelleik, rolleleik, fysisk leik, konstruksjonsleik og regelleik.

Barna i barnehagealder er midt i leikeutviklinga, og dei treng aktive og engasjerte vaksne for at leiken skal utvikle seg på ein god måte. Leiken utviklar empati, det å sjå saker frå fleire sider, motorikk, sosial samhandling og samarbeid, korleis få venner, korleis halde på venner, språk, korleis planlegge og inkludere, god konflikthandtering m.m. Men utan god vaksendeltaking kan leiken også føre til ekskludering, uheldige makthierarki og negative konflikter. Vi i Sunde barnehage er tett på leiken, observerer, set i gang leik, deltek i leik og skjermar leik. Vi lager mindre leikegrupper som metode for å styrke leikekompetanse og relasjonar. Vi hjelper barn som ikkje deltek i leik inn i leik. Vi er «på golvet» - der barna er, og er gode forbilde i leiken.

Innhaldet i leiken vert styrt av kva barna opplever og erfarer. Då er det viktig at barnehagen gir gode fellesopplevingar, som gir barna like føresetnader og likt språk, slik kan dei samhandle og vere med i leikefellesskapet.

LÆRING

Sunde barnehage har eit heilskapssyn på læring. Vi ser at barna lærer heile dagen av alt dei opplever, erfarer og er vitne til. Dei er også ein bidragsyter til eigen og andre si læring.

Vi kan skilje mellom formelle og uformelle læringssituasjonar. Dei formelle læringssituasjonane er t.d. samlingar, formingsaktivitetar, førskuledagen, temaarbeid, lesestunder, prosjekt, friluftaktivitetar på tur m.m. Dei uformelle skjer i leiken, i stellsituasjonar, i rutinesituasjonar m.m.

Vi i Sunde barnehage meiner det er viktig å presentere både ulike tema og kunnskap for å gi barna eit bredt erfaringsgrunnlag, det er også viktig at vi repeterer det vi ønsker at barna skal lære (jamfør hjerneforskning). Det er også viktig å kunne gå i djupna (jamfør. Blooms taksonomi). Ved å støtte opp under barna si eiga undring og forskning (jamfør. Tryggleiksirkelen og Medverknad), skapast det engasjement og muligheit for nettopp å gå i djupna. Her treng vi den autoritative vaksenrolla, slik kan vi både komme oss i posisjon ved hjelp av gode relasjonar for å kunne kontrollere at barna opplever læringa vi ynskjer dei skal få. Vi i Sunde barnehage heier på barnet si læring og utvikling!

DANNING

Sunde barnehage er ein dannelsesarena for dei barna som går i barnehagen. Her dannar dei deler av personligheten sin i nokre av dei mest avgjerande periodane i eit menneske sitt liv – dette tek vi på største alvor.

Vi ønsker at dei barna som går i barnehagen skal ha fått grunnlag til å mestre livet sitt, kunne ta sjølvstendige val til det beste for seg sjølv og dei rundt seg, kunne regulere følelsar og åtferd på ein hensiktsmessig måte – og ta for seg av livet, slik dei opplever glede og meningsfulle dagar.

For å hjelpe dei på veien ønsker Sunde barnehage å gi barna tilhørigheit og tillit. Dette gjer vi ved å kvar dag vise glede over at akkurat DU kom til barnehagen og er ein del av eit viktig fellesskap. Vi set det å bli kjent med egne følelsar og korleis handtere dei i system. Dette er viktig kunnskap for å kunne orientere seg i egne og andre sine reaksjonar og åtferd. Vi snakkar opp det å hjelpe andre og å bidra som ein positiv verdi, og arbeider systematisk med solidaritetsaksjonar.

Det aller viktigaste er korleis vi kvar dag, i alle situasjonar, møter barnet. Dette gjeld ord, haldningar og særleg kroppsspråk. Barn les kroppsspråket vårt betre enn dei orda vi sei. Og kroppsspråket vårt kan avsløre haldningar. Så kunnskapen personalet har om korleis dei påverkar barn med berre å vere tilstades i ein situasjon er uvurderleg. I Sunde barnehage liker vi alle barn, vi gleder oss til dei kjem, vi gleder oss i lag med dei når dei opplever positive ting. Og vi hjelper dei når det treng hjelp i vanskelege situasjonar. For som Karl Menninger sa: «Det ein gjer mot et barn, vil dei gjere mot samfunnet».

OMSORG

Omsorg er ein så viktig verdi, at vi i Sunde barnehage har satt han sentralt i verdigrunlaget vårt. Å gi god omsorg er ikkje så enkelt som det kan høyrast ut som. Ulike menneske har behov for ulike ting. Så også med omsorg – så igjen er det viktig å lære barnet å kjenne ordentlig. Slik kan vi få ei oppleving av kva dette barnet treng for oppleve tryggleik.

Omsorg opplever barna blant anna i ulike former for stellsituasjonar og det å få mat og kvile. Men måten dette blir gjort på er viktig. Omsorg kan også vere den klemmen, det smilet, det blikket, det fanget. I alt dette ligg det å vere tilstades – både fysisk og mentalt.

Omsorg er livsviktig for barna. Dei treng vaksne omsorgspersonar. Først når dette ligg i botnen kan barna utvikle seg og ta til seg læring. Negative stressopplevingar er viktig å unngå (jamfør. Hjerneforskning). Det er dermed ekstremt viktig at barna opplever gode omsorgspersonar i overgangane i livet. I barnehagen er det når dei begynner i barnehagen, går over til storbarnsavdeling og skal begynne på skule. Vi må også få kjennskap til om der er endringar som skjer i familiane, slik at vi kan ha ekstra stor forståing for enkeltbarn i periodar. Barnehagen har også plikt til å melde frå om ein er usikker på om omsorga eit barn får i heimen ikkje er god nok.

Sunde barnehage ønsker også at barna som går her skal lære å vere omsorgsfulle mot kvarandre og dei rundt seg. Vi framsnakkar når barna gir omsorg til andre.

VERDIGRUNLAGET VÅRT I SUNDE BARNEHAGE

Alle i Sunde barnehage skal kvar dag ha ei kjensle av å vere viktige og å bli sett.

Vi bygger gode relasjonar og møter barnehagedagen med omsorg, refleksjon og fagligheit.